



Dønhaug Gjestegard toppar arrangements-statistikken klart. Dette biletet vart teke då Amlis band spela for 600. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore i overkant av 5.000 til stades på dei forskjellige arrangement i Uskedalen denne sommaren – rekna frå slutten av april til no. Leiar i Uskedal Utvikling Sveinung Pile tykkjer det er svært imponerende sjølv om ein ikkje har tal å samanlikna med frå tidlegare år. Nesten halvparten av dei besøkande har vitja Dønhaug Gjestegard.**

Her er eit grovt oversyn over arrangementa med besøkstal i parentes:

- \* Dønhaug Gjestegard, låvedansar og pubkveldar (2.200)
- \* Bygdetunet Rød, museumsdag (80)
- \* Røysterett for alle, vårkonsert (250)
- \* Bryggjedans (400)
- \* Myklebust-utstilling (500)
- \* Arrangement på Bøkkerverkstaden (150)
- \* Påskedans i Aktivitetshuset (200)
- \* Aktivitetsdag i båthamna (250)
- \* Festidalen, rockefestival (1.000)
- \* Bussturar med guiding i dalen (150)
- \* Sundagstur til Skorpo (60)

- Framfor alt fortener Magne Huglen ros for kva han har fått til på garden sin, ein finn ikkje maken på heile Vestlandet, seier Sveinung Pile til **uskedalen.no**

- Korleis forklarar du tala?

- Dei er eit resultat av fleire faktorar. Det gunstige veret må sjølvsagt nemnast. For å ta eit arrangement som eg har hatt ei rolle i – Festidalen – er vi jo heilt prisgjeve vergudane. I dårleg ver ville vi kanskje hatt 200 frammøtte og ikkje 1.000.

Eit anna viktig moment er at vi har spela på lag og unngått stemnekollisjonar.

Spelt på lag har vi også i marknadstiltaka som er organisert gjennom bygdeutviklingsprosjektet vårt. Eg nemner her som døme ny brosjyre og ny heimeside.

Det har vore lagt for dagen ein enorm dugnadsinnsats. Folk i bygda har synt at dei setter pris på at det skjer noko sjølv om det i einkilde høve fører til eit visst støynivå.

Denne sommaren har Uskedalen styrka sitt positive omdømme utad og vi har styrka vår sjølvtilitt, konkluderar UU-leiaren.

***Av Ola Matti Mathisen***